

# Beredskapskvelden i Valdres

Velkomne til auditoriet på Valdres vidaregåande skule 5. mars 2025



Nord-Aurdal kommune  
Regionsenteret i Valdres

VALDRES  
FORSVARS  
FORENING

# **Beredskapskveld for Valdres-innbyggerane i regi av Valdres Forsvarsforening og Nord-Aurdal kommune, 5. mars kl. 1800-2100**

*Arrangementet foregår i auditoriet på Valdres vidaregåande skule*

## **Program:**

*Velkomen ved styreleiar i Valdres Forsvarsforening, Per Kristen Skaran*

- 1800-1810** *Appell ved stortingsrepresentant Marit Knutsdatter Strand & regionleiar i Valdres, Marit Hougsrud.*
- 1810-1900** *"Ei verd i omveltning - Endringar i amerikansk utenrikspolitikk og konsekvensar for Norge" ved president i Norges Forsvarsforening, Arne Bård Dalhaug.*
- 1900-1930** *"Totalberedskap og eigenberedskap" ved seniorrådgivar Simen Dølgaard, Statsforvaltaren i Innlandet*
- 1930-1945** *Kaffepause og beinstrekk*
- 1945-2005** *"Totalberedskap og eigenberedskap" held fram*
- 2005-2025** *"Utvida beredskapsråd" ved stabsleiar Tor-Erik Hjelvik Lund og leiar i Valdres, Trond Vidar Solhaug, Sivilforsvaret*
- 2025-2050** *"Beredskapshagen som del av eigenberedskap i Valdres" ved Anders Nordrum*
- 2050-2100** *Informasjon og avslutning ved beredskapsleiar i Nord-Aurdal kommune, Ivar Svensson.*

***Møte er ope for alle!***





**Marit Knutsdatter Strand**, med opphav i Øystre Slidre, representerer no Senterpartiet og Oppland på Stortinget i si andre periode. Ho er utdanna lektor i realfag frå NMBU på Ås og er nestleiar i utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget i dag. I Senterpartiet har ho engasjert seg for beredskap, sjølvforsyning og forsvar i ulike verv gjennom 15 år.



**Marit Hougsrud**, ordførar i Sør-Aurdal kommune sidan 2019. Utdanna sivilagronom innan skogbruk ved Norges landbrukshøgskole på Ås. Ho har vore øvste leiar i krisestab gjennom fleire kriser som har råka kommunen, som pandemien, stormen i 2021 og flommen Hans



**Arne Bård Dalhaug** er pensjonert generalløytnant og president i Norges Forsvarsforening. Han har mellom anna vore sjef for Avdeling for forsvarspolitikk og langtidsplanlegging i FD, sjef for Forsvarsstaben/NK i Forsvaret, samt representant for Norge i NATO og sjef for NATO Defense College i Roma. Frå 2016 til 2019 hadde han ei sentral leiarstilling i OSSE sitt observatørkorps i det russisk-okkuperte området i Aust-Ukraina. Dalhaug skriv fast for Dagens Næringsliv og Altinget, og er fast kommentator i Dagbladet.




**Simen Dølgaard** er seniorrådgivar ved eininga for samfunnstryggleik og beredskap hjå Statsforvaltaren i Innlandet. Dei siste åra har han hatt ansvar for analysar av den tryggingpolitiske situasjonen sine konsekvensar for Innlandet og arbeidet med å revitalisere totalforsvaret regionalt og lokalt som ei følge av dette. Simen har ein mastergrad i samfunnstryggleik og beredskap frå UiT – Norges arktiske universitet, og har tidlegare jobba som kommunal beredskapskoordinator.



**Tor-Erik Lund**, sivilforsvarsinspektør og stabssjef i Oppland sivilforsvarsdistrikt. Har 15 års teneste i ulike avdelingar i Hæren og har vore tilsett i Oppland sivilforsvarsdistrikt sidan 2016 – dei siste åra som stabssjef. Han har ansvaret for den daglege drifta av distriktsstaben, inkludert beredskap, vakt, øving, trening, hendingar og samvirke.



**Trond Vidar Solhaug**, Trond Vidar Solhaug, leiar LIA 01 Valdres. Tenestepliktig i Sivilforsvaret sidan 2010.



**Anders Nordrum**, pensjonert gartnerlærer og i dag formidlar av kunnskap om Beredskapshagen. Utdanna gartner og pedagog. Har jobba 22 år ved Gjennestad gartnereskule i Vestfold og til saman 15 år i Kriminalomsorga, der han nytta gartnerfaget som verktøy i møte med innsette.



**Ivar Svensson**, beredskapskoordinator i Nord-Aurdal kommune. Til dagleg varabrannsjef og avdelingsleiar for beredskapsavdelinga i Nord-Aurdal brannvesen sidan 2009. Har tidlegare jobba i Forsvaret og har bakgrunn som bilskadereparatør.

### **Sivilforsvaret**

*Sivilforsvaret si hovudoppgåve er å verne befolkninga i krig. Etaten er òg staten sin beredskapsressurs og gjer støtte til naud- og beredskapsetatar ved større ulykker og hendingar. Blant dei viktigaste oppgåvene er varsling, evakuering og drift av offentlege tilfluktsrom. I fredstid bistår Sivilforsvaret offentlege etatar med mellom anna større brannar, flaum, uvêr og søk etter sakna personar.*

*Sivilforsvaret er basert på tenesteplikt, og alle personar mellom 18 og 55 år som oppheld seg i riket, kan bli pålagde teneste. Nasjonalt er det 8 000 tenestepliktige, og lokalt i Valdres finst det to lokale innsatsavdelingar.*

### **Norges Forsvarsforening**

*Norges Forsvarsforening (NFF) er eit landsforbund av forsvarsforeiningar, med mellom anna Valdres FF som ei av lokalavdelingane. NFF har som føremål å arbeide for at forsvarsviljen til ei kvar tid er levande i befolkninga, og for at Norge alltid må ha eit forsvar og ei sivil beredskap som på ein trygg måte vernar fridomen vår og styrker samfunnstryggleiken.*

*I desse utfordrande tidene treng vi opplyste medlemmer i ryggen. Bruk QR-koden for å melde deg inn, eller gå til nettsida vår: [forsvarsforeningen.no](http://forsvarsforeningen.no)*



**Stor takk til alle støttespelarane som gjorde at BEREDSKAPSKVELDEN kunne gjennomførast!**